

# Interne rutinar for informasjonshandtering i samband med TINE si rolle og oppgåve som marknadsregulator

## 1. Bakgrunn

TINE SA (TINE) er marknadsregulator i mjølkesektoren, jf. forskrift om markedsregulering § 2. Ansvar er lagt til TINE Råvare (TR), men mange av oppgåvene vert gjennomført som ein integrert del av TINE si industrielle drift. Som marknadsregulator handterer TINE mottaks- og forsyningsplikt, utarbeider landsprognoser, fastset noteringspris og foreslår reguleringstiltak og omsetningsavgift for Omsetningsrådet.

For å utføre oppgåver med utarbeiding av prognoser, planlegging av mjølkebalansen og gjennomføring av forsyningsplikta vert det innhenta relevant informasjon frå industriaktørane i sektoren. Informasjon som vert innhenta frå industriaktørar som ikkje er ein del av TINE og som vert brukt for å utføre oppgåvene som marknadsregulator vert her omtalt som sensitiv informasjon.

Desse rutinane omfattar ikkje informasjon om marknadsforhold som TINE får tilgang til på ordinært vis som kommersiell aktør.

## 2. Formål

Rutinar for informasjonshandtering i TINE skal sikre at informasjon vert handtert i samsvar med forskrift om marknadsregulering § 6 og på ein måte som ikkje påverkar konkurranseforholda i mjølkesektoren. Dei skal sikre at TINE ikkje får konkurransemessige fordelar av sensitiv informasjon som TINE har i kraft av å vere marknadsregulator.

## 3. Sensitiv informasjon

Dette er informasjon som TINE innhentar i kraft av å vere marknadsregulator og som på annan måte ikkje er offentleg tilgjengeleg eller ålment kjend og som kan verte brukt for å treffe avgjerder om aktørane si kommersielle drift og planar. Det kan også vere informasjon om planar og vedtak om tiltak som inngår i oppgåva TINE har som marknadsregulator. Vedtak om slike tiltak skal verte gjort kjent så raskt som råd er og samtidig for alle aktørar som dette vedkjem.

## 4. Innhenting av informasjon frå industriaktørane

	Kva	Når	Formål	Heimel
4.1	Årsprognoser for bestilling av mjølk etter forsyningsplikta	Kvartalsvis. Første gang i august året i forkant	Mjølkebalansen Forhandling om kvoter	Forskrift om markedsregulering,
4.2	Prognose for leveranse frå mjølkeprodusentar til uavhengige aktørar	August året i forkant. Deretter ved endring	Mjølkebalansen Forhandling om kvoter	Jordbruksavtalen
4.3	Leverert volum og tørrstoff av rå mjølk	Månadleg	Utarbeiding av prognoser	Forskrift om markedsregulering,

## 5. Formidling av informasjon frå TINE Råvare

TR er ansvarleg for, til same tid, å gjere kjent følgjande informasjon til alle aktørane i sektoren, samt Landbruksdirektoratet

Kva	Når	Medium/Plattform
5.1 Årsprognose for noteringspris (prisløypa)	Når målpris er fastsett, før 1. juli	E-post Heimeside
5.2 Justering av noteringspris og oppdatering av prisløypa	Min 14 dg før endring	Prisbrev Heimeside
5.3 Prognoser for mjølkeproduksjon og tørrstoff i mjølk	4-6 i løpet av året	E-post Heimeside
5.4 Produksjonsvolum og tørrstoff	Månadleg	E-post Heimeside
5.6 Mjølkekvoter og forholdstal – Innstilling til avtalepartane	I etterkant av styrevedtak	E-post Heimeside
5.7 Reguleringskostnader og omsetningsavgift – Innstilling til Omsetningsrådet	I etterkant av styrevedtak	E-post Heimeside

## 6. Handtering av og tilgang til sensitiv informasjon

- 6.1 Tilsette i TINE som mottar prognoser frå uavhengige aktørar eller har informasjon om leveranse av mjølk, har ansvar for å hindre at slik informasjon vert formidla til andre i TINE eller til andre aktørar. Informasjon om prognoser og bestillingar på aggregert nivå, og som ikkje kan knyttast opp til enkeltaktørar, kan delast med andre i TINE som treng dette i sitt arbeid med planlegging av produksjon eller logistikk.
- 6.2 Tilsette i TINE som er involvert i arbeidet med prognoser, prisar og reguleringstiltak, eller som gjennom sin funksjon får kjennskap til dette, har ansvar for å hindre at informasjon vert formidla til andre i TINE før slike tiltak er offentleg kjent.
- 6.3 I arbeidet med prognoser, prisar eller reguleringstiltak skal involvering av personar i TINE avgrensast til personar som har dette som si oppgåve eller som har kompetanse som er avgjerande for å sikre kvalitet i utføring av arbeidet («need to know-prinsippet»).
- 6.4 På IT-området skal det være «installert brannmur» slik at den kommersielle delen av TINE ikkje har tilgang til prognoser og sal til uavhengige aktørar.
- 6.5 Relevant informasjon om planar og vedtak som TINE utfører som marknadsregulator skal verte gjort kjent samtidig og så raskt som råd er for alle aktørar som dette vedkjem ved bruk av kjende informasjonskanalar.

## 7. Innsideliste

Dette er ei liste over personar i TINE som kan ha tilgang til sensitiv informasjon slik den er definert i denne rutinen. Lista omfattar tilsette som har tilgang til prognoser og kjøp av råvarer under forsyningsplikta og som treng slik informasjon for å kunne utføre arbeidsoppgåvene innanfor sitt ansvarsområde.

## 8. Teieplikt

Alle på Innsidelista skal underteikne ei erklæring om teieplikt knytt opp til informasjonshandtering.

## 9. Opplæring

Alle på Innsidelista skal få nødvendig opplæring for å ha kjennskap til- og kunne handtere sensitiv informasjon i tråd med denne interne rutinen.

## 10. Avvik

Dersom det er mistanke om brot på pliktene med informasjonshandtering omtalt her skal det varslast utan ugrunna opphald til direktør i TINE Råvare.

## 11. Revisjon

Denne rutinen inngår i TINE sitt styringssystem og vil inngå i TINE sin interne kontrollrutinar.

## 12. Ansvar

Direktør i TINE Råvare har ansvar for oppfølging av denne rutinen, her inngår ajourføring av Innsidelista og erklæringar om teieplikt, opplæring og oppfølging av avvik.

Denne rutinen gjeld frå 1.7.2020 og til den vert endra eller oppheva.